

# ordet fritt

telefon: 71 25 00 00

faks: 71 25 00 14

**epost: ordetfritt@r-b.no** Si din mening i Romsdals Budstikke. Bruk adresse til redaksjonen. Skriv kort, maks. 60 linjer. Redaksjonen forbeholder seg retten til å redigere innlegget. Innlegg blir ikke returnert. Innlegg i denne spalten blir ikke hønoret.

Elevar som har vakse opp med nynorsk, har ein stor **språkleg kompetanse** som dei fleste elevane på Austlandet ikkje har.

## Målstriden på Batnfjord skule sett frå Austlandet

Å vere nynorskbrukar på Austlandet er ikkje alltid like enkelt. Eg underviser i norsk og kan dermed skjule meg bak eit slags profesjonelt stempel også utanfor klasserommet. I 2008-2009 førde eg ein lengre debatt i Hamar Arbeiderblad om nynorsk i skolen. Austlendingane meiner gjerne at nynorsk er eit vestnorsk særspråk.

Eg har dialektgrunnlaget mitt frå Nord-Noreg, og det å skrive nynorsk i tillegg, gjer vel at ein blir enda meir malpassert på Austlandet. Det er lite nynorsk å lese i austlandsavisene, derfor er romsdalsavisene nærmast som eit språkparadis å rekne. Her er tospråkssituasjonen levande og reell, og ein skulle tru at dei to målformene levde side om side i fred og fordragelighet. Derfor var det skremmande og tankevekkjande å lese i RB 2. februar at ein del folk midt i «tjukkaste nynorskland» vil kvitte seg med nynorsken. «Den har vi ikkje bruk for.»

**Formelt sett ligg dei fleste** dialektane nærmare nynorsk enn bokmål, spesielt i Vest-Noreg. Ein kan derfor ikkje utan vidare hevde på formelt grunnlag at nynorsk ikkje er eit passande skriftspråk for elevane på Batnfjord skule.

Men det som er interessant i all debatt om nynorsk, er at det gjerne er foreldra som meiner noko. Det er ikkje nødvendigvis kva som er best for barna, som er avgjerande, men først og fremst haldningane til foreldra. I RB 2.2. står det då òg: «Vi som hørde til der har alltid forholdt oss til bokmål, det ønskjer vi også no etter at

barna våre vart flytta over til Batnfjordsøra.»

I praksis er det alltid foreldra som tek dei «viktige» vala for barna. Og det er kanskje naturleg? Vi som foreldre veit jo sjølv sagt kva som er best. Elvis var bra, sådå bør også ungane våre skjonne det så tidleg som mogleg. Og når vi har lært at berre mann og kvinne kan vere par, så bør vel også ungane ta over dette synet? Akkurat dette har dei fleste foreldra heldigvis innsett no; det er ungane som sjølv må kunne få velje kven dei er og kven dei ønskjer å vere. Korfor skal då ikkje ungane få lære det skriftspråket som ligg nærmast dialekten deira? Så kan dei sjølv seinare velje noko anna – dersom dei lèt seg påverke av storsamfunnet i staden for å halde på sin språklege identitet.

**Det er nok mange som** av ulike grunnar skiftar hovudmål, anten på vidaregående eller eventuelt når dei byrjar i arbeidslivet. Ein kan sikkert bruke dette som eit argument mot nynorsk. Men det viser at nynorskelever i praksis er «tospråklege». Det er gjerne ikkje noko problem å skifte til bokmål dersom ein ønskjer det.

Elevar som har vakse opp med nynorsk, har ein stor språkleg kompetanse som dei fleste elevane på Austlandet ikkje har. Dei fleste lærarstudentane på Austlandet er i praksis svært dår-



Jens Haugan er førsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Hedmark

### kronikk

leg kvalifiserte til å undervise i nynorsk. Dette er eit tankekors all den tid vi snakkar om profesjonalitet og yrkesstoltheit.

Det finst gjerne fleire moglegheiter til å løyse ulike problemer i samfunnet. Det er mange nok som vil fjerne nynorsken for godt. Per i dag har vi ei mållov, men i motsetnad til dei fleste

andre lovane er mange lite opptekne av å faktisk følgje denne lova.

**Elevar som veks opp med nynorsk**, får det mykje lettare seinare fordi dei utviklar eit aktivt forhold til begge dei norske skriftspråka. Dette er ein konkurransesfordel i utdannings- og jobbsamanheng. Men likevel vil altså mange foreldre – fordi dei meiner dei veit best – ta denne moglegheita ifrå barna sine.

Ineste omgang får utdanningsinstitusjonane enda fleire lærarstudentar som ikkje kan nynorsk, og vi får enda fleire dårleg kvalifiserte lærarar. Ein kan godt skylda på studentane, men eg føler meg freista til å leggje ein del av skylda på foreldra. Vil du det beste for barna dine, gjev dei ei moglegheit til å bli kjende med den riike språklege variasjonen vi har i Noreg, og så kan dei velje sjølv seinare. Noko ein aldri har lært, vil ein heller ikkje velje. Det vi kan gjøre som foreldre, er først og fremst å leggje til rette for at ungane faktisk kan velje. La nynorsken leve.

## Oppdrettsanlegg for laks i Langfjorden

**Uttale frå Fagrådet for forvalting av laks og aure i Eira, Aura og Visa.**

Fagrådet ser med stor uro på den framlagde planen om oppdrettsanlegg for laks i Langfjorden. Anlegget er planlagt på grensa mellom Molde og Nesset, og vil såleis ha stor betydning for fjorden og elvane innanfor. Utruleg nok har ikkje Nesset kommune, grunneigarar, rettighetsavarar eller andre aktørar i Nesset fått tilsendt sak-

misk betydning for bygdene Eresfjord, Eikesdal og Vistdal. Med ein omsetnad på 10-tals millionar kroner, skaper vassdraga mange arbeidsplassar.

**Lakselus.** Lusproblematikken frå oppdrettsanlegg er godt kjent. Eit oppdrettsanlegg i Langfjorden vil vere ei effektiv sperre for utvandrande smolt, og ei dødsfelle for aure som har Langfjorden som matfat gjennom heile året. Villlaks-

avstanden til Eira/Aura og Visa lang. I Eira/Aura vassdraget ser ein for seg ein håplaus situasjon om ein skulle behandle vassdraget for sjukdom. Eikesdalsvatnet er langt og djupt, og det ville bli ei umogleg oppgåve å setje i verk tiltak for å reparere. Her må ein passe på å førebygge.

**Forureining.** Det vert sagt at dette anlegget vil forureine like mykje som den ureinsa kloakken i Molde

**Revisjon av konsesjonsvilkåra.**

Eira/Aura har vore gjennom tre store kraftutbyggingsprosjekter og det har vore ein langvarig kamp for å klare å oppretthalde elva på det nivå den har som lakseelv i dag. I samband med revisjon av konsesjonsvilkåra for Aura/Eira vert det arbeidd for at vassdraget skal få tilbakeført vatn slik at laksen får betre gyte og oppvekstvilkår. Dette arbeidet vert støtta av Norsk Institutt for Naturforskning (NINA).